



Stibbyggjaren As  
Mørkridsvegen 421  
6876 SKJOLDEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 23/240 - 23/2055

Sakshandsamar:  
Svein Arne Vågane  
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:  
04.08.2023

## Løyve til helikoptertransport frå p-plass ved Krossvatnet til austsida av Steinavatnet.

Stibbyggjaren AS skal utbetre stien til dagsturhytta på austsida av Steinavatnet – gnr. 85, bnr. felles i Modalen – sjå fig. 1. I den samanheng vert det søkt om landingsløyve for helikoptertransport av stein frå p-plassen ved Krossvatnet og inn til stien. Det er tale om omtrent 100 hiv.

Helikopteret skal berre lande ved p-plassen ved Krossvatnet der steinen ligg klargjort for transport – sjå fig. 1, men levering av steinen vert og rekna som landing – sjå nedanfor.



Søknaden gjeld for tidsrommet 10-17 august 2023 og det er Airlift AS som skal syte for transporten.

Området ligg utanfor Stølsheimen landskapsvern-område og òg utanfor beiteområde for rein.

Det er ikkje gjeve opp om bruk av grunn er avklara med grunneigar. Dette lyt vere på plass for at løyvet skal vere gjeldande.

Det er ikkje mogleg å transportere dette på anna vis.

*Fig. 1. Helikopteret skal lande på p-plassen ved Krossvatnet og plassere stein, utan å lande, langs austsida av Steinavatnet om lag slik det syner på kartet.*

## Vurdering:

Motorferdsel i utmark er regulert av lov om motorferdsle i utmark og vassdrag. Lova har som føremål å regulere motorferdsel ut frå ein samfunnsmessig heilskap med sikte på vern om naturmiljøet og fremje trivsel, jf. § 1. Etter lova sin § 2 er helikopter omfatta av lova. § 2 i lova gjeld kva som kan definerast som utmark, ein skal nytta same definisjon som i friluftslova § 1 fyrste ledd. Med utmark er meint udyrka mark som ikkje vert rekna som innmark. Arealet i denne saka er utmarksareal. Etter § 3 er motorferdsel i utmark og vassdrag ikkje tillate med mindre anna fylgjer av lova eller vedtak heimla i lova.

Ei landing med helikopter blir ikkje omfatta §§ 4 og 4a som definerer lovleg motorferdsel i utmark, og er difor søknadspliktig. Landing er òg henting og levering av passasjerar og gods, sjølv om landing i eigentleg forstand ikkje skjer. Det vert opna for løyve etter søknad i § 6 i lova. Paragrafen opnar for at når særlege grunnar ligg føre, kan kommunen gje løyve til bruk av motorfartøy eller luftfartøy som elles ikkje kan finne stad med heimel i lov eller forskrift. Høve til å gi dispensasjon må praktiserast i lys av lova sitt føremål om å redusere motorferdsle til eit minimum.

Administrasjonen meiner at det i denne saka vil vere snakk om ein særleg grunn som opnar for bruk av lova sin § 6.

Administrasjonen viser til Rundskriv T-1/96 Om lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10. juni 1977 nr. 82, kapittel 8.5 «tillatelse til bruk av motorfartøy og luftfartøy». Der står det:

«Ved vurdering av om "særlege grunner" foreligger, vil det være av betydning om motorferdselen er nødvendig og har et nytteformål.»

Dersom krav til særlege grunnar er oppfylt, må det gjerast ei samla vurdering av saka vurdert opp mot lova sitt føremål, jf. rundskriv T-1/96. Administrasjonen meiner det ligg føre særlege grunnar i saka fordi det er eit nyttig føremål og er naudsynt.

Slike søknadar skal vurderast etter naturmangfaldslova §§ 8-12 jf. § 7. Kommunen har gjort søk i Artsdatabanken via gardskart og naturbase, og det er ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av tiltaket. Området kor transporten skal skje er utanfor villreinen sitt barmarksbeiteareal i Modalen kommune – sjå fig. 2 der blå markering syner området for rein.




Fig. 2. Flyginga skal gjennomførast eit godt stykke vest for barkmarksbeitet for villrein som er markert med brune prikkar. Kartkjelde: [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)

Administrasjonen meiner at flyginga kan gjennomførast utan at det kjem i konflikt med villrein. Det er tale om ein avgrensa periode, rett nok med noko støy, og utanfor sesongen der villreinen normalt nyttar området nærast flyginga.

Vi finn at kravet om kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldslova § 8 er godt nok til å fatte vedtak. Vidare er «føre-var» prinsippet teke i vare med det kunnskapsgrunnlaget som ligg føre, slik intensjonane i naturmangfaldslova § 9 føreset. Vi kan heller ikkje sjå at den samla byrda for økosystemet er nemneverdig lidande jf. naturmangfaldslova § 10. Veggen er avgrensa i omfang og gjev heller ikkje, etter kommunen sitt syn, nemneverdige ulemper og gjev slik sett best mogleg lokalisering jf. naturmangfaldslova §§ 11 og 12.

Dette løyve gjeldt dispensasjon frå motorferdselslova. I tillegg må søkjar som nemnt ha løyve frå grunneigar.

### **Vedtak**

Med heimel i Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag §6 gjev Modalen kommune med dette Stibbyggjaren AS løyve til landing og start med helikopter frå p-plassen og opp til Steinavatnet som markert på kart i samband med naudsynt transport av stein til utbetring av sti.

Løyve er gjeve på følgjande vilkår:

Løyvet skal bringast med under oppdraget og kunne visast fram ved kontroll.

Det skal førast logg for løfta. Loggen skal innehalde dato for flyging, tal turar og tid på døgnet.

Landing/ start skal gjennomførast i perioden 10.08.2023 – 17.08.2023.

Tal hiv vert redusert mest mogleg.

Det skal takast særskild omsyn til eventuell villrein i området, friluftsliv og liknande ved flyging og landing.

Løyve frå grunneigar må liggje føre.

Grunngjeving for løyve går fram av saksutgreiing og vurdering.

### **Lovheimel.**

LOV 1977-06-10-82 Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag.

LOV 2009-06-19-100 Lov om forvaltning av naturens mangfald.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Svein Arne Vågane  
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen signatur

**Kopi til:**

**Mottakere:**

Stibbyggjaren As

Mørkridsvegen 6876  
421

SKJOLDEN